


NR. 4

APRIL 1984

17. ÅRG.

Påska sin bodskap



«Men han vart sára for våre brot og sundbroten for våre synder. Straffa låg på han så vi skulle ha fred, og ved hans sår har vi fått lækjedom». Jes. 53.5.

Forts. s. 2

Sanct Johannes- guttene til Arna



Palmesøndag, 15. april kl. 19.30, får vi besøk av Sanct Johannesguttene i Arna kyrkje.

Koret heldt til i Akershus slottskyrkje i Oslo, og i dei siste 17 åra har dei arrangert over 1.000 konsertar frå Lindesnes til Kirkenes. Tema for konserten er: Påske-sang gjennom 1000 år.

Sjå side 3

God påske

frå s. 1

Dette er påska sitt evangelium, nedskreve mange hundre år før det hendte. Det var også menneskeslekta si redning. Gud oppretta på den måten det som vart øydelagt ved syndefallet. I Rom. 5.18 står det slik: «*Liksom ein manns fall vart til fordøming for alle mennesker, så fører ein manns rettferdige gjerning til frikjenning og liv for alle menneske*».

Kven var det, som det vart skreve slik om?

Det var JESUS, Guds son. Det var om han det vart skreve at han vart sundbroten for våre synder.

I sanning spotta og spytta på og til slutt vart han hengd opp på eit kors. Ikkje fordi han hadde gjort noko galt, men for å sona syndene for alle menneskene.

Så på påskedag morgon stod han opp att. Som seiersherre over døden, Guds frelsersplan var fullført.

Så er det berre for oss å gripa dette. JESUS har gjort opp for oss, vi skal berre ta i mot det i tru, ufortent av nåde.

Rom. 3.24. Men utan at de har fortent det, vert de sagde rettferdige av hans nåde på grunn av utløyninga i KRISTUS JESUS.

I sanning eit gledesbodskap.

Fin musikk- oppleveling i Arna kyrkje!

Sundag 25/3 var det avslutning på kyrkjelydsveka med konsert i Arna kyrkje.

Det var Maria bodskapsdag, og Arna kyrkjekor, med organisten Ingjerd Grøm som dirigent, framførte Magnificat av Buxtehude. Koret kom svært bra i frå framføringa av stykket, sjølv om dei har få mannstemmer. (Arna kyrkjekor tek med glede i mot nye sangarar!) Koret hadde god hjelp til framføringa av Asbjørn og Jan Arvid Rivenes på fiolin, Gro Torvanger på cello og Kristen Øgaard på cembalo.

Vi fekk også høyra eit stykke av Mattheson på blokkfløyter, framført av Kristin og Ingjerd Grøm. Dei same aktørane spela også fløyte og cembalo, då sonater av Bach. Det let fint!

Jan Sverre Stensrund og organisten spelte fleire orgelstykker. Målfrid Sandvik hadde den liturgiske avslutningen.

Takk til alle aktørane for ei fin kveldstund i Arna kyrkje!

Tilhøyrar

Påskesang gjennom 1000 år Sanct Johannes-guttene kjem til Arna

Arna kyrkje har denne gongen vorte ein av stadene dette koret vil ha konsert på påsketurnéen sin. Koret har ca. 40 gutar i alderen 8-24 år, og er eit «elitekor» som har konsertar over heile landet.

Ansvarleg leiar for koret er operasangaren Svein Bruun. Når dei legg ein av konsertane til Arna kyrkje, vonar vi også folk her vil setja pris på det ved å møta tallrikt fram. Det vert ikkje billettsal, men kollekt ved utgangen.

Difor: Vel møtt i Arna kyrkje
søndag 15.4 kl. 19.30.

Sagt om frelsen og oppstandelsen

Oppstandelsen

Det er ikke lettere å få alle detaljene i beretningene om oppstandelsen til å stemme overens, enn det er å bringe åtte ulike avisers behandling av en og samme hendelse i overensstemmelse. Hvis de første kristne hadde funnet på alt dette, så ville de sørget for at det de sa, stemte overens.

Michael Green

Teologi

Da den store forkynneren C.H. Spurgeon låg og skulle døy, sa han: «Nå er heile min teologi berre fire ord: Kristus døyde for meg».

KYRKJELYDEN SYNG PÅSKESALMAR

onsdag 25. april
kl. 19.00 i

ARNA KYRKJE

Ragnar Grøm
leier songen
Arna kyrkjes
barnekor

Arna kyrkjekor
Per Bjørkhaug
organist Ingjerd Grøm

Hjarteleg velkomne!


Da har hele menigheten anledning til å være med på å synge en rekke kjente og ukjente påskesalmer. Salmene er hentet fra forslaget til «Norsk salmebok» og kirkens to kor, Kyrkjekoret og Barnekoret leder an. Ragnar Grøm vil lede arrangementet og fortelle litt om de forskjellige salmene. La dette bli en stor lovsangskveld i Arna kyrkje! Gamle som unge skal vi få være med på å prise Gud med kirkens største salmeskatter, påskesalmene!




KIRKENS
NØDHJELP

FAMILIEGUDSTENESTE
i Arna kyrkje

Søndag 29. april kl. 11.00
ved res.kap. Harald Sundsbø. Offer til Kirkens Nødhjelp. Innlevering av fastebøssene «Brød for verda».



Kan du løysa dette biletkryssordet?



Innlevering av fastebøssene

Alle heimar i Arna har gjennom Kyrkjelydsbladet fått ei fastebøsse.

Pengane som kjem inn i desse bøssene går til det arbeid Kirkens Nødhjelp driv for menneske i naud ulike stader i verda. På denne måten kan me alle vera med og gje ei hjelp. Og me veit at hjelpa også kjem fram.

Difor er det viktig at bøssa ikkje berre vert liggjande, men brukt. På kvar bøsse står det på baksida kor ho kan leverast.

Det er fint om bøssene vert levert innan utgangen av april. Har bøssa kome bort, kan du likevel levera di gåve på dei stadene der bøssene kan leverast.

I tillegg til dette, vil vi markera innsamlinga på denne måten:

Familiegudsteneste

Søndag 29. april vert det familiegudsteneste i Arna kyrkje. Den dagen vert det offer til Kirkens Nødhjelp. Då er det fint om born og vaksne har med seg fastebøssene og legg dei på altaret under ofringa.

Samtalegudsteneste

I Ytre Arna er det samtalegudsteneste for konfirmantane søndag 29. april kl. 19.00. Då vil denne fasteaksjonen verta markert, og truleg vert konfirmantane med på eit opplegg i samband med det (kaketoteri?)

Med frimod utfordrar vi til å vera med på denne innsamlinga. At det er trong for hjelp veit vi — og dette er ei konkret utfordring til oss alle. Difor: Bruk fastebøssa du og!

Kveldsgudsteneste i Arna Kyrkje Skjærtorsdag

Gudstenesta i Arna kyrkje skjærtorsdag vert dette året om kvelden kl. 19.00. Vi synest det gjev god meining å ha kveldsgudsteneste med tanke på den kvelden Jesus sette inn nattverden.

Dette gjer og at dei som er opptekne om dagen får høve til å kome til kyrkje om kvelden.

Skjærtorsdag vert det såleis ikkje gudsteneste i Arna kyrkje kl. 11.00.

Nytt musikklag

Det er nyleg startet et nytt musikklag i Indre Arna. Det har øvelse i Arna bedehus torsdagene kl. 18.30 føreløpig, muligens forandring på øvelsesdag senere. Ingen aldersgrense oppover eller nedover, så liker du å synge, er du hjertelig velkommen til å bli med. Spiller du et instrument, så ta det med deg. Stikk innom eller ring 24 03 12, 24 13 31 eller 24 35 17 for nærmere opplysning.


120 ÅR
1864-1984
JUBILEUMSLOTTERI

Støtt Sjømannsmisjonens arbeid ved å kjøpe lodder.
747 flotte gevinster (8 biler, 3 cruise m.m.m.)
til en verdi av kr. 1,5 mill.

Trekning 15. nov. 1984 - kr. 10,- pr lodd

Kontakt Kretskontoret
eller bestill lodder over:
Postgiro 500.3934
Bankgiro: 241





Guds nåde er Jesus på korset

Gud er nådig, seier vi og reknar med at både vi sjølve og andre veit kva det tyder. Men er det så sikkert?

Nokre tenkjer seg at Gud er nådig slik at han ser gjennom fingrane med alle feiltrinna våre. Han tek det ikkje så nøye. Men slik er ikkje nåden til Gud.

Andre trur nåden er ei kraft frå Gud, ein slags medisin som skal hjelpa dei til å makta kristenlivet. Men dette vert og gale. Vi menneske er så døde i syndene våre at det hjelper korkje med medisin eller sprøyte for å få til noka betring.

På gresk tyder nåde «gratis», på latin «velvilje». Guds nåde er det venlige sinnelaget han syner mot menneska, og som gjer at han vil frelsa oss for Jesu skuld — heilt gratis. For oss kostar denne frelsa ikkje noko. Vi kan berre ta imot. For Jesus kosta det krossdøden og å verta dømd av Gud.

Gud gav Sonen sin til soning for syndene våre. Blodet hans reinsar oss frå all skuld. Det nye testamentet brukar mange ulike uttrykk for å klårgjera kva soningsdøden til Jesus tyder for oss: *soning, forløsning, offer, frelse*. Og i vedkjenninga til den andre trusartikkelen: Han er min Herre, som har *løyst ut, kjøpt og vunne* meg fortapte og fordømde menneske frå alle synder, frå døden og djevelens makt.

Men sjølv om det vert sagt på mange vis, tyder det det same. I Jesus Kristus og offeret hans har vi ein nådig Gud og ei fullkommen frelse. Jesus på korset for oss — det er Guds nåde.

Kvinner vitna

Ein av dei eldste kommentarane i Moselova slår fast at ein vanlegvis ikkje kunne ta imot vitnemål frå ei kvinne. Er det ikkje herleg typisk for Jesus å openberra seg aller først for to forakta kvinner.

Og er det ikkje og heilt utenkjeleg at nokon som eventuelt skulle ha laga forteljinga om oppstoda, ville ha valt kvinner som dei første vitna — dei som ikkje var kvalifiserte til å gje vitnemål?

Michael Green

Hvis ...

Hvis alle deltok i menighetens gudstjeneste like ofte som du — ville gudstjenestene være godt besøkt?

Hvis alle deltok med samme begeistring i fellessangen som du — hvordan ville sangen da være på møtene?

Hvis alle var like ivrige og utholdende i bønn som du — var forsamlingen da en bedende forsamling?

Hvis alle ofret like mye etter sin økonomiske evne som du — hvordan gikk det da med misjonskassene?

Hvis alle snakket om predikantene som du — hvordan ble da hans rykte?

Hvis alle leste Bibelen på samme måte som du — hvordan var da bibelkunnskapen blant oss?

Hvis alle søkte å være personlige sjelevinnere med samme nidkjærlighet som du — hvor mange ville da bli vunnet for Gud?

Hvis alle i ord og handling besvarte disse spørsmål på samme måte som du — hvordan ble da resultatet?

(Grimstad menighetsblad)

BØN

Herre Jesus, lyft mitt auga
opp mot deg frå alt som bitt!
Lat meg sjå deg, lat meg lauga
meg i nådestraumen fritt!
Blodet rann for meg å frelsa,
hjartebloodet ditt du gav.
Difor kan du og meg helsa
med oppstoda i frå grav.



Om søndagen

Av Håkon Gausemel

*Før gjekk vi berre til kyrkje
og hadde fred i vår sjel.*

*No er vi med på så mykje
og stressar oss mest i hel.*

(Teikning: Arne Wold)

Frå «Vårt Blad», utgitt av Norges
Kooperative Landsforening.

Ny salmebok

Arbeidet med ny salmebok nærmar seg avslutninga. Bispemøtet gjorde sitt vedtak i februar, og ein reknar med at departementet godkjenner det snart. Verbum Forlag vonar den kan vera klar for salg hausten 1985 til ein pris på rundt 100 kr.

	100
	95
	90
	85
	80
	75
	70
	65
	60
	55
	50
23/3	45
	40
	35
	30
29/2	25
	20
	15
	10
	5

Arna Kyrkjelydshus

Først av alt: Hjarteleg takk for alle gaver, store og små. Vi er no oppe i 47.000,- kr. på kontoen vår. Det meste ved gaver over giro, men også ein del ved sal av Kyrkjeplatten vår. Den er det mange att av så dersom nokon ikkje har sikra seg den, er det enno tid. Kanskje du manglar gåve til konfirmand eller dåpsbarn?

Så litt om lånet.

Det er kanskje nokon som har lurt litt på størrelsen. Det vi har vist er berre eit døme. Den enkelte kan sjølvsagt fritt velja størrelsen på lånesummen. Det vi vil freista å visa er at med berre 100 stk. har vi heile startkapitalen. Med Arna kyrkjelyd sin storleik reknar vi med mange, mange fleir.

Vi går derfor frimodig ut på nytt: Du er like hjarteleg velkomen om du vil ta opp lån, eller du har pengar liggjande som du kan tenkja deg å gje til huset vårt.

Postgiro 3 49 89 95

Bankgiro 8440.21.042.43

Kyrkjelydshus i Arna, v/Anna Pettersen, boks 76, 5233 Haukeland.

Er du usikker på noko så ta kontakt med Erling Osland, tlf. 24 09 34, Eikhaugen 29, 5262 Arnatveit.

Helsing frå Økonominemnda

Erling Osland

Innsamlinga til Kyrkjelydshus i Arna

Økonometer for Arna Kyrkjelydshus. Tala viser inntekter og utgifter i tusen kroner.

Påskeandakt på redningshytta

I mange år var det tradisjon med påskeandakt på Redningshytta. Det er mange som har savna desse andaktane og no startar vi opp på nytt. Vi har møtt stor velvilje hjå dei som har ansvaret for Redningshytta, og vi vonar at det i år vil verte ei fin samling om Guds ord påskedag for dei som er i fjellet den dagen. Jens K. Hauge talar og leier andakten. Andakten vert påskedag kl. 13.00.

Vi presenterer:

Tilsette i Arna Kyrkjelyd



*Øyvind Øy
sokneprest*



*Målfrid Sandvik
kateket*



*Harald Haugsvær
kateket*



*Ella Kaaresen
kontorsekretær*



*Monrad Ulveseter
kyrkjetenar*



*Torhild Hirth
reinhaldsassistent*



*Ingjerd Grøm
organist (vikar)*

Øyvind Øy og Målfrid Sandvik er tilsette for å arbeida i både Arna og Ytre Arna kyrkjelyd. Likeeins res.kap. Haralds Sundsbø, som ikkje er med ved presentasjonen denne gongen.

Familieside

DØYPT

ARNA SOKN:

26/2: Knut Marius Garnes, Stian Hisdal, Line Tresselt.

4/3: Marianne Teigland, døpt i Ytre Arna kyrkje.

11/3: Åshild Borge, Stian Johannessen, Martin Andreas Klementsen. Alexander Stammes.

YTRE ARNA SOKN:

19/2: Daniel Marius Hansen, døpt i Åsane.

11/3: Ingrid Mjanger Thorsnes.

18/3: Robert Birkeland.

VIGDE:

ARNA SOKN:

3/3: Harald Tvedterås og Bjørg Midtun. Vigde i Ådland kirke.

10/3: Erik Ødegård og Mona Elsrud Oslund. Vigde i Hval kirke, Hallingby.

17/3: Arild Unneland og Sissel Margrethe Monsen.

DØDE:

ARNA SOKN:

7/3: Kåre Jacobsen, f. 1938.

11/3: Knut Lavik, f. 1905.

16/3: Edvin Soitvedt, f. 1926.

YTRE ARNA SOKN:

25/2: Johanna Kalsås, f. 1905.

1/3: Kari Margrethe Olsen, f. 1932.

Ofringane i kyrkjelydane

ARNA:

26/2: Det Norske Misjonsselskap	kr. 2845,-
4/3: Kyrkjelydsarb.	kr. 895,-
11/3: Kirkens SOS	kr. 858,-
18/3: Israelsmisj.	kr. 1280,-

YTRE ARNA:

4/3: Kyrkjelydsarb.	kr. 464,-
11/3: Stiftsenteret i Bjørgvin	kr. 459,-
18/3: Det Norske Misjonsselskap	kr. 1712,-

Brev frå SUDAN



30 ivrige, sudanesiske lærarar sit framføre oss, utstyrde med Bibel og diverse hjelpebøker for kristendomsfaget. For fleire av dei er det lenge sidan dei sjølve har hatt høve til å sitja på skulebenken. Ikkje alle har heller fått så lang skulegang, men underviser likevel etter beste evne klassar med opp til 100 barn. No får dei høve til å praktisera gruppearbeid saman med kollegaer, til å diskutera aktuelle emne og til å lytta til forelesninger.

Dei er og rundt i landsbyane og intervjuvar folk frå ulike kyrkjesamfunn.

Vi tek ei pause i arbeidet, for å syngja nokre engelske songar. Stor er interessa når ein lærer dei nokre bibelvers med melodi til. Songen tonar sterk og fin langt utover veggene i klasserommet. Etter ei stund er det så ein ung, ivrig lærer som reiser seg og leier oss alle vidare i songen.

Vi er midt oppi arbeidet til K.N. sitt «Education» prosjekt her i Sør Sudan. Her arrangerar ein kurs for lærarar i dei ulike faga for å dyktiggjera dei til si daglege gjerning. Denne veka er det kristendomsfaget som står på programmet. Neste veke er det matematikk. Den sudanesiske skulen er stengd p.g.a. ferie. Men det er dei som seier at det er usikkert når

den vil opna att i dette distriktet. Lærarane har ikkje fått løn på 5-6 månader, så vi veit ikkje no om dei vil byrja att før løn blir betalt. Løna skal betalast av skattepengane ein får inn i distriktet. Men når folk har lita løn - og lite skatt kjem inn - så vert det heller ikkje noko lærarløn.

Ved sidan av å «kurs» ein del lærarar er og K.N. med og hjelper ein del utvalde skular med utstyr. Det er nemleg ikkje så lett å driva undervisning der ein m.a. korkje har lærebøker, skrivebøker eller tavle.

Det er fastetid - ei tid da vi på ein spesiell måte skulle leva i bøn og eiga forsaking. Fastebøssa «Brød for verda» er delt ut til alle heimane i Arna. Her i Sør Sudan ser ein dagleg mykje naud og fattigdom. Men, gjennom våre mange delprosjekt veit vi at ein del menneske får ein betre kvar-dag både no - og i framtida - vonar vi.

Så kanskje det ikkje er så dumt å setja fastebøssa på bordet i år og?

Marit Gilje



Ytre Arna barne- og ungdomskor har fått kapper. Utforminga er gjort av Ingunn Fosse og det er foreldre til medlemmane i koret saman med organisten som har sydd dei.

Her ser me ei gruppe av kora under ei øving i kyrkja.

MØTE

ARNA BEDEHUS:

19/4: Skjærtorsdag: Møte kl. 19.00.
Tale v/Olav Hesjedal. Song og musikk.

22/4: 1. påskedag: Møte kl. 19.00.
Tale v/Harald Eide. Song og musikk.

26/4: Bibeltime kl. 19.30 v/Akademilektor Ole Øystese.

29/4: Lovsangskveld kl. 18.00. Mye sang og musikk, m.a. ungdomskoret «Spiren» frå Sotra.

3/5: Møte for Karmelinstitutet kl. 19.30.

10/5: Pensjonisttreff kl. 17.00.

BETANIA, LONE:

15/4: Møte ved NLM.

19/4: Skjærtorsdag, nattv.møte.

22/4: 1. påskedag, møte.

23/4: 2. påskedag, møte ved BUF.

26/4: Møte ved Indremisjonen.

28/4: Ungdomskveld ved BUF.

29/4: Eldrefest v/Indremisjonen.

3/5: Møte ved NLM.

6/5: Møte ved NLM.

HAUGLAND BEDEHUS:

19/4: Skjærtorsdag: Fest kl. 17.00.
Tale v/Johan Åsgard. Song og musikk.

23/4: 2. påskedag: Møte v/Blå Kors kl. 11.00. Tale v/Gatland.

30/3: Møte v/Indremisjonen. Tale av Leif Nesheim kl. 19.30.

7/4: Møte v/Indremisjonen. Tale av Leif Nesheim. Kl. 19.30.

YTRE ARNA BEDEHUS:

20/4: Langfredag: Møte v/Indremisjonen kl. 19.00. Tale ved Gunvor Fyllingsnes.

1/5: Møte v/Santalmisjonen kl. 19.00. Asbjørn Risa og Frode Bilsbak vert med. Song av Arne Kval-sund.

Konfirmantar på Trengereid

Konfirmasjonstida går mot slutten. Dette året er det seks unge som har hatt si konfirmantundervisning på Trengereid. Det er:

Tore Gatland Jacobsen

Elisabeth Kolnes

Audun Kvarn

Unni Kristin Romslo

Anita Skulstad

Kjerstin Vågane

Søndag 29. april er den avsluttande konfirmasjonsgudstenesta i Trengereid kapell, med forbøn for kvar einskild konfirmant. Gudstenesta tar til kl. 11.00.

NYTT TELEFONNUMMER

I samband med Televerket sine omkoblingar i Ytre Arna får Ytre Arna prestekontor nytt telefonnummer. Det nye nummeret er: 24 85 46.

Misjonssenteret «SAGATUN» Strandebarm

Det Norske Misjonsselskap vil også denne sommeren ønske velkommen til ferieuker på «Sagatun».

Programmet for sommeren er satt opp med 6 kull a 10 dager. Der er plass til 17 personer, og det er fortrinnsvis for eldre deltakere.

kull 1: 18. juni — 28. juni

kull 2: 2. juli — 12. juli

kull 3: 16. juli — 26. juli

kull 4: 30. juli — 9. aug.

kull 5: 13. aug. — 23. aug.

kull 6: 27. aug. — 6. sept.

Misjonsveke i Ytre Arna



I tida 12.-18. mars var det misjonsveke. Det starta med fest på Ytre Arna Bedehus 12.3. Vel 50 framømte hadde ein fin kveld saman. Bileta er henta frå denne festen. Haugland musikklag var med og song, og misjonsforeininga for Det Norske Misjonsselskap hadde stelt fint i stand.

Seinare i veka var det møte på Haugland bedehus og Ytre Arna bedehus. Søndag var det familiegudsteneste i kyrja og Heile kyrkelyden syng om kvelden.

I ofringar og kollektar kom det tilsaman inn ca. kr. 5.600 til Det Norske Misjonsselskap. Talarar var misjonsprest Olav Johnsen og bysekretær Helge Ekeland — som vi ser på biletet.

Den sterke

Du er Guds Sønn, den sterke!
Du seirer over alt.
Du ble som andre fristet.
Du stod der alle falt.
Du holdt det første bud.
Du dyrket ikke makten
og æren eller prakten
Du elsket bare Gud.

Du er Guds Sønn, den sterke!
Du seiret over ham
som frister og forfører
til fall og synd og skam.
Du står din prøve ut.
Du kom fra Lysets rike
og Satan måtte vike.
Du elsket bare Gud.

Du er Guds Sønn, den sterke.
For deg gir Satan tapt.
Og han kan aldri true
den tro som du har skapt.
Nå kan vi syng ut,
i englers kor med glede:
Guds Sønn har vært her nede
og elsket oss til Gud.

Eyvind Skeie

Risiko

Livets aller største risiko er å
forspille Guds nåde.

Lege i Arna:

Lege
Frøydis Skjelbred Nilsen,
Kommunehuset,
Indre Arna.
Telefon 24 07 00.
Kontortid:
Tirsd., onsd., torsd., fred.

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, kon-
firmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Åse Iversen
Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.
Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.
Bladpengar: kr. 25,-.
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.
Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39: Tlf. 24 85 46.
Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.
Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50
Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-
folk, der alle kundar, store
som små, er hjarteleg
velkomne.

**VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna**

EPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

EPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser
ordnes. Transport med egen
bil. Annonser, sanger, sløy-
fer. Monumenter besørgeres
oppsett.

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN
VEST
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste



Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler

**GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!**

**GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!**

**Velkommen til vår
bensinstasjon!**

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har laveste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefon: 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største kje-
de av elektriske forretninger
EL-KJØP

Velkommen til kyrkje



- 15/4 **Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Takkoffer til Santalmisjonen.
Arna kl. 19.30. Konsert. St. Johannesguttene.
- 19/4: **Arna kl. 19.00.** Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
Ytre Arna kl. 11.00. Akademilektor Arve Brunvoll. Nattverd.
Trengereid kapell kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd.
Takvam kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- 20/4: **Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy.
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø.
- 22/4 **Arna kl. 11.00.** Høgtidsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø.
Takkoffer til Sjømannsmisjonen.
Ytre Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy.
Takkoffer til Sjømannsmisjonen.
Trengereid kapell kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Sellevold. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- 23/4: **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
- 25/4: **Arna kl. 19.00.** Kyrkjelyden syng påskesalmar.
- 29/4: **Arna kl. 11.00.** Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø.
Innsamling av fastebøsser. Kyrkjekaffi.
Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste v/Kateket Sandvik og kateket Haugsvær. Konfirmantsamtale (Garnes).
Ytre Arna kl. 19.00. Samtalegudsteneste v/sokneprest Øy og res.kap. Sundsbø.
Trengereid kapell kl. 11.00. Sokneprest Øy. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 1/5: **Ytre Arna kl. 10.00.** Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Takkoffer til Kristne arbeideres forbund.
- 2/5: **Arna kl. 19.00.** Samtalegudsteneste (Lone). Sokneprest Øy og kateket Sandvik og Haugsvær.
- 3/5: **Arna kl. 19.00.** Samtalegudsteneste (Indre Arna, Ådnamarka) v/sokneprest Øy og kateketane Sandvik og Haugsvær.
- 6/5: **Arna kl. 10.00.** Sokneprest Øy og kateket Haugsvær. Konfirmasjon. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Arna kl. 12.15. Sokneprest Øy og kateket Sandvik. Konfirmasjon. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 10.00. Res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 12.00. Res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.